

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår dato: 28.01.2015
Vår ref.: 201401128-8
Arkiv: 313/077.3Z
Dykkar dato: 03.04.2014
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kristin Haugen
22959423/kha@nve.no

Sogndal kommune – Søknad om løyve til uttak av grunnvatn frå fjellbrønn i Hodlekve ved Reipa – Sogndal kommune i Sogn og Fjordane - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 3.4.2014.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av grunnvatn frå fjellbrønner i Hodlekve ved Reipa med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI-notat nr. 1/2015 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforminga av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld uttak av vatn frå fjellbrønner i Hodlekve ved Reipa og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Vi syner elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga." og "Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon" som er å finne på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner òg om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Kristin Haugen
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Grunnvannskonsesjon for fjellbrønner i Hodlekve ved Reipa
KI-notat nr. 1/2015

Kopi:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune